



Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep

0033 OSLO

Areal og forvaltning

Saksh: Sissel Aarvik

Tlf: 53 65 61 36

Dato : 29.09.2019

Vår ref: 19/20244

Dykkar ref:

Arkiv:

Høyring - Nasjonal ramme for vindkraft på land

Me viser til høyringsbrev datert 01.04.19.

Vindafjord kommunestyre vedtok 24.09.19 følgjande uttale til høyringa av Nasjonal ramme for vindkraft på land, vedtak i sak KS 044/19:

«Vindafjord kommunestyre seier nei til utbygging av landbasert vindkraft i kommunen. Kommunestyret meiner at forslaget til rammeplan for vindkraft på land er basert på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnader for nettilknytning.

Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera areala i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen.

Vindafjord kommune meiner det er rettare å satsa på utbygging av vindkraft på havet og oppgradering av vasskraftverk, der dette er mogeleg».

Saksframlegg med vedtak følgjer vedlagt.

Kommunen vil og visa til konkrete manglar når det gjeld drikkevasskjelder som mjuk eksklusjon. Drikkevasskjeldene med nedslagsfelt til dei kommunale vassverka for Skjold (Holmavatnet) og Sandeid (kjelde i Hålandsdalen) manglar. Tilsvarande gjeld for det private vassverket, Ølen vassverk (Måsarevatn) som forsyner Ølen og Ølensvåg. Det er altså store areal som ikkje er med, og som viser vesentlege manglar med materialet. I tillegg er det fleire vatn med tilhøyrande nedslagsfelt som er reservevasskjelder.

Kommunen kan kan gje meir detaljert informasjon om dette.

Med helsing

Erle Mæland Aasheim
Einingsleiar

Sissel Aarvik
Seniorrådgjevar plan

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i samsvar med interne rutinar.

Vedlegg:

Uttale til NVE sitt forslag til 377377
nasjonal ramme for vindkraft

29.09.2019

VINDAFJORD KOMMUNE

SAKSPAPIR

Saksnummer	Utval	Vedtaksdato
058/19	Formannskapet	04.09.2019
044/19	Kommunestyret	24.09.2019

Saksbehandlar: Aarvik, Sissel
Sak - journalpost: 18/382 - 2019017224

Uttale til NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Vindafjord kommune ber om at områda mellom Ølen/Sandeid og kommunegrensa mot Sauda og Suldal kommunar blir tekne ut av området Sunnhordland og Haugalandet. Ref. kart i rapporten s. 170 med NVE sitt forslag til alternativ avgrensing. I desse områda må friluftslivsinteressene og verdiar knytt til større samanhengande naturområde vektleggjast tyngre.

I områda elles vil eventuelle konsesjonssøknadar bli vurdert gjennom søknadsprosess med detaljerte vurderingar av utbyggingsinteresser, andre samfunnsinteresser og miljøinteresser. Dette vil avklara korleis kommunen vil vurdere og vekta aktuelle interesser og stilla seg til søknadane. Kommunen vil då ta standpunkt til ev. utbyggingsplanar.

Om det vart gitt konsesjonar til vindkraftanlegg, må kommunen og lokale interessentar bli involvert ved planlegging og utbygging.

Vindkraft må sjåast i samheng med andre energiressursar som vasskraft, solenergi, hydrogen m.m. i ei overordna vurdering av energibehov/-ressursar og konsekvensar for samfunns- og miljøinteresser.

24.09.2019 Kommunestyret

Rådmannen opplyste at fleire representantar i forkant av møtet har reist spørsmål om dei på grunn av eigartilhøve er inhabile i saka.

Rådmannen har tatt spørsmålet opp med Fylkesmannen. Fylkesmannen har gitt tilbakemelding om at han ikkje kan sjå at desse tilhøva fører til inhabilitet.

Siv Bente Stople Østbø foreslo for Sp:

1. Vindafjord kommunestyre meiner at følgjene for natur, miljø og klima ikkje er godt nok utgreidde, og avviser den framlagde planen.
2. Ei avgjerd for eller imot Vindkraft i Vindafjord kommune må i framtida verta bestemt på lokalt plan.

Varaordførar Steinar Skartland foreslo for SV, Ap, BBL, H, Frp og Krf:

Vindafjord kommunestyre seier nei til utbygging av landbasert vindkraft i kommunen.

Kommunestyret meiner at forslaget til rammeplan for vindkraft på land er basert på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnader for nettilknytning.

Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera areala i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen.

Vindafjord kommune meiner det er rettare å satsa på utbygging av vindkraft på havet og oppgradering av vasskraftverk, der dette er mogeleg.

Ved røysting vart resultatet:

Arne Bergsvåg (Sp) og Lars Dalen (V) røysta for Formannskapet si tilråding, 22 røysta mot.

10 (Sp 9 og Dalen) røysta for Sp (Stople Østbø) sitt forslag, 14 røysta mot.

SV, Ap, BBL, H, Frp og KrF (varaordførar Skartland) sitt forslag vart vedtatt med 14 røyster, 10 (Sp 9 og Dalen) røysta mot.

KS-044/19 Vedtak:

Vindafjord kommunestyre seier nei til utbygging av landbasert vindkraft i kommunen.

Kommunestyret meiner at forslaget til rammeplan for vindkraft på land er basert på eit for dårleg kunnskapsgrunnlag.

For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnader for nettilknytning.

Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera areala i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen.

Vindafjord kommune meiner det er rettare å satsa på utbygging av vindkraft på havet og oppgradering av vasskraftverk, der dette er mogeleg.

04.09.2019 Formannskapet

Varaordførar Steinar Skartland foreslo for KrF:

For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt til m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnader for nettilknytning.

Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera fjell-areala i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen.

Vindafjord kommune meiner det er rettare å satsa på utbygging av vindkraft på havet og oppgradering av vasskraftverk, der dette er mogeleg.

Gerd Kvamme foreslo for Frp og H:

Vindafjord bes tatt ut av NVE sin plan for vindkraft på land.

Ved røysting vart resultatet:

Kvamme (Frp) og Per Fatland (H) røysta for Frp og H (Kvamme) sitt forslag, 7 røysta mot. Varaordførar Skartland og Reidar Håvås (Ap) røysta for Krf (varaordførar Skartland) sitt forslag, 7 røysta mot.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart tilrådd med 5 røyster, varaordførar Skartland, Kvamme, Fatland og Håvås røysta mot.

FS-058/19 Vedtak:

Tilråding frå Formannskapet:

Vindafjord kommune ber om at områda mellom Ølen/Sandeid og kommunegrensa mot Sauda og Suldal kommunar blir tekne ut av området Sunnhordland og Haugalandet. Ref. kart i rapporten s. 170 med NVE sitt forslag til alternativ avgrensing. I desse områda må friluftslivsinteressene og verdiar knytt til større samanhengande naturområde vektleggjast tyngre.

I områda elles vil eventuelle konsesjonssøknadar bli vurdert gjennom søknadsprosess med detaljerte vurderingar av utbyggingsinteresser, andre samfunnsinteresser og miljøinteresser. Dette vil avklara korleis kommunen vil vurdere og vekta aktuelle interesser og stilla seg til søknadane. Kommunen vil då ta standpunkt til ev. utbyggingsplanar.

Om det vart gitt konsesjonar til vindkraftanlegg, må kommunen og lokale interessentar bli involvert ved planlegging og utbygging.

Vindkraft må sjåast i samheng med andre energiressursar som vasskraft, solenergi, hydrogen m.m. i ei overordna vurdering av energibehov/-ressursar og konsekvensar for samfunns- og miljøinteresser.

Saka gjeld:

Høyring av NVE sitt forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land.

Saksopplysningar:

I brev datert 1. april 2019 frå Olje- og energidepartementet er NVE sitt forslag til ei nasjonal ramme for vindkraft på land sendt på høyring. Høyringsfristen var sett til 01. august 2019, men vart i brev datert 12. april 2019 utsett til 1. oktober 2019.

Departementet ønskjer innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg. Høyringsbrevet datert 01.04.19 ligg vedlagt (vedlegg 1).

Alle dokument i saka ligg på NVE sine nettsider:

<https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/>

Forslaget til ramme går fram av rapporten «Forslag til Nasjonal ramme for vindkraft»:

http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf.

Rapporten munnar ut i at NVE peikar ut 13 område i landet som dei meiner er dei mest eigna områda for vindkraft på land. Ein stor del av Sunnhordland og Haugalandet er omfatta av eit slikt område; inkludert størstedelen av Vindafjord kommune.

Oppsummering av rapporten og vurderingane som ligg til grunn for dei områda som er utpeikt følgjer nedanfor:

Del A - Introduksjon

Olje- og energidepartementet (OED) ga i brev av 9.2.2017 Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) i oppdrag å leia eit arbeid med å laga eit forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land. Forslaget skulle innehalda:

- oppdatert kunnskapsgrunnlag for landbasert vindkraft
- kart med forslag til dei mest eigna områda for lokalisering av vindkraft

Bakgrunnen for oppdraget er at regjeringa ynskjer å leggja til rette for ei langsiktig utvikling av lønsam vindkraft i Noreg, slik det er gjort greie for i energimeldinga (Meld. St. 25 (2015-2016)). Regjeringa peikar på at erfaringar tilseier at det er behov for i noko sterkare grad å styra kor det vert søkt om konsesjon framover.

I følgje oppdragsbrevet og energimeldinga er føremålet med nasjonal ramme å bidra til at dei beste vindkraftlokalitetane blir valde når det vert søkt om konsesjon. Ramma skal bidra til auka forutsigbarhet, ei meir effektiv konsesjonsbehandling og demping av konflikhtar.

Oppdragsbrevet inneheld føringar for arbeidet med forslaget til ramme:

- Det skal vera ein rapport med eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for relevante konsekvensar av landbasert vindkraft.
- Eit kart som definerer større område der det kan liggja til rette for utbygging av lønsam vindkraft på land.
- Områda skal veljast ut med utgangspunkt i vindressursar og eksisterande og planlagt nettkapasitet, og avstemmast mot andre viktige miljø- og samfunnsomsyn.
- Arbeidet skal skalerast med utgangspunkt i at eit vesentleg bidrag ny vindkraft kan gjerast mogeleg på lang sikt.
- Ramma skal ikkje vera prosjektspesifikk.
- Dei eigna områda bør vera store nok til at det kan takast omsyn til at areala ikkje kan utnyttast maksimalt, mellom anna på grunn av samla miljøbelastning frå fleire vindkraftanlegg og lokale forhold. Mindre, avgrensa område kan likevel takast med om forholda elles ligg til rette for det.
- Den nasjonale ramma skal ha eit langsiktig tidsperspektiv. Den skal innrettast slik at oppdatering kan skje ved behov, med særleg omsyn til nettutviklinga. Ramma skal ikkje erstatta dagens konsesjonsbehandling, men det skal i utgangspunktet vera vanskelegare å få konsesjon i eit område som ikkje er peikt ut i den nasjonale ramma.

Kunnskapsgrunnlaget om miljø- og samfunnsverknadar:

Det er utarbeidd 21 temarapportar. Desse er basert på gjennomgang av norske og internasjonale forskingsartiklar og anna litteratur, erfaringar frå tidlegare konsesjonsbehandling av vindkraftsaker og erfaringar frå vindkraftverk i drift. Nasjonale fagmyndigheiter og andre med ansvar innanfor dei ulike tema har vore invitert til å delta aktivt i utarbeidinga av rapportane.

I tillegg til temarapportane, inneheld kunnskapsgrunnlaget NVE sine faglige skjønnsvurderingar av korleis fagkunnskapen bør vektleggjast ved konsesjonsbehandling av vindkraftverk. Dette er ei konkretisering av korleis NVE meiner fagkunnskapen bør brukast ved vurdering av verknadane for miljø- og samfunnsinteresser i vindkraftsaker. NVE har også vurdert det faglige innhaldet i temarapportar og innspel til temarapportar som er utarbeidd av andre myndigheiter. I dei tilfella der NVE og andre myndigheiter har ulike vurderingar i faglige spørsmål, blir dette drøfta i rapporten.

Eksklusjon av areal er det metodiske grepet som er nytta, sjå del D nedanfor:

Trinn 1:

Areal som openbert ikkje bør peikast ut som dei mest eigna for vindkraft vert ekskludert. Eksempel på dette er nasjonalparker og nasjonale villreinområde. Areal med for låg gjennomsnittleg vindhastigheit er og ekskludert. Og område med dei største

produksjonskostnadane vert også ekskludert. Resultat: 43 analyseområde

Trinn 2

Systematisering av dei ikkje-ekskluderte areala i dei 43 analyseområda. Desse områda vart analyserte meir i detalj av NVE og relevante fagmyndigheiter. Analysane omfattar både verknadar for kraftnettet, potensialet for vindkraftproduksjon og konsekvensar for nasjonale miljø- og samfunnsinteresser. Nye areal vart ekskludert.

Trinn 3

Innanfor dei 43 analyseområda peikte NVE ut dei areala som dei meiner er mest eigna for vindkraft på eit overordna nivå. Utpeikinga er gjort på bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget og overordna analysar av kor teknisk-økonomisk godt eigna områda er og miljø- og samfunnsinteresser i heile landet. Resultatet er 13 område.

Del B - Generelt om vindkraft i Noreg

I dette kapitlet går NVE gjennom korleis ein vindturbin fungerer og vidare:

- Status for utbygging av vindkraft i Noreg

Ved utgangen av 2018 var det 610 operative vindturbinar i Noreg, fordelt på 35 forskjellige vindkraftverk. Desse har samla installert effekt på 1.695 MW, og vil i eit normalår ha ein samla produksjon på 5,3 TWh. Dette tilsvarar det årlege straumforbruket til ca. 265.000 husstandar og utgjer nesten fire prosent av den totale kraftproduksjon i Noreg.

- Arealbruk i norske vindkraftverk

Eit vindkraftverk består av éin eller fleire vindturbinar. Mellom turbinane er det anleggsvegar (internvegar) og ein veg mellom anlegget og eksisterande vegnett (tilkomstveg). Rundt turbinane er det ein kranoppstillingsplass som m.a. blir brukt når turbinen vert montert. Det kan og vera behov for å planera areal for mellomlagring av vindturbinkomponentar i påvente av montering. I tillegg kjem ein sentral transformatorstasjon, kraftleidningar og vanlegvis eit servicebygg. Vegar står normalt for omlag 80 % av arealbruken.

- Drivarar for utbygging av landbasert vindkraft i Noreg.

Her vert det vist til at:

- norske vindressursar er blant dei beste i Europa
- produksjonskostnadane for vindkraft går ned
- EU sin energi- og klimapolitikk gir høgare kraftprisar i Noreg
- Landbasert vindkraft er konkurransedyktig med anna kraftproduksjon
- Reduksjon av klimagassutslepp
- Oppsummert: Landbasert vindkraft i Noreg er lønsam utan støtte og bidrar til reduserte klimagassutslepp

Det vert også gjennomgått korleis vindkrafta påverkar kraftsystemet, og konsesjonsprosessen.

Del C - Verknadar for miljø- og samfunnsinteresser – oppdatering av kunnskap

Vurderingane av kva som er dei mest eigna områda er basert både på kunnskapsgrunnlaget om verknadane av vindkraft, og kunnskap om kor det fins viktige samfunns- og miljøverdier.

Det har vore egne underprosjekt for kvar miljø- og samfunnsinteresse som erfaringsmessig kan bli påverka av vindkraft. For kvart underprosjekt er det utarbeidd ein temarapport om verknadane av vindkraft for den aktuelle interessa. Desse er utarbeidd av Miljødirektoratet (fugl, flaggermus, villrein, anna dyreliv, naturtypar, landskap (saman med Riksantikvaren), friluftsliv og samanhengande naturområde), Riksantikvaren (landskap (saman med Miljødirektoratet) og kulturminne/-miljø) og NVE (reindrift, reiseliv, iskast, naboverknadar, drikkevatn, næringsutvikling, forsvaret, vêrradarar, sivil luftfart, elektronisk kommunikasjon,

andre tema, klimaavtrykk og livssyklusanalyser).

Rapportane kan sjåast her: <https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/oppdateret-kunnskapsgrunnlag/>

Det er ikkje gjort ny forskning, og temarapportane er såleis basert på eksisterande kunnskap. Rapportane inkluderer imidlertid ei vurdering av behovet for ny kunnskap og tilrådingar om ny kunnskap som bør innhentaast.

Verknadar for alle delar av eit vindkraftverk er vurdert – vindturbinane, internvegar, oppstillingsplassar, kabelgrøfter m.m., men i hovudsak ikkje kraftleidningar.

Det er teke omsyn til samla belastning så langt det let seg gjera gjennom t.d. vurderingar av den samla bestandssituasjonen for ulike artar og vektlegging av attverande samanhengande område med urørt preg.

For kvart tema er det gjort vurderingar av verknadar av vindkraftutbygging. Det er deretter vurdert kva verknadar som bør vektleggjast i framtidig konsesjonsbehandling av framtidige vindkraftverk.

Kapitlet inneheld

- konklusjonar om dei verknadane av vindkraftutbygging på dei ulike miljø- og samfunnsinteressene, med Miljødirektoratet og Riksantikvaren sine vurderingar, også med forslag til avbøtande tiltak
- korleis NVE vil vektleggja dei ulike interessene ved konsesjonsbehandling av framtidige søknadar om vindkraftverk
- korleis kunnskapsgrunnlaget kan styrkjast

Det er gjort ei oppsummering av det som er skrive om mogelege verknadar for dei ulike samfunns- og miljøinteressene og korleis NVE vil vektleggja desse i behandlinga av konsesjonssøknadar. Oppsummeringa følgjer vedlagt (vedlegg 2).

Del D - Metode for utpeiking av område

Områda skal veljast ut med utgangspunkt i vindressursar og eksisterande og planlagd nettkapasitet, og avstemmast mot andre viktige miljø- og samfunnsomsyn. NVE forstår ordet *avstemming* som eit synonym for *avveging*.

- vindressurs

NVE har estimert produksjonskostnadar for vindkraft på heile landarealet i Noreg. Produksjonskostnaden er basert på vindressurs, tilgjengeleg informasjon om vindturbinar si produksjonsevne og vurderingar av investerings- og driftskostnadar for vindkraftverk. Dette arbeidet har resultert i eit landsdekkande kart som viser ei overordna geografisk fordeling av produksjonskostnaden for vindkraftverk. Kartet gir eit overordna bilete av kva område i Noreg som er mest eigna for vindkraft ut frå vindforhold, skogsdekning og terrengkompleksitet. Kartet er ikkje eigna for detaljert prosjektering av vindkraftverk, men er eit verktøy for å finna dei områda i Noreg med størst potensial for lønsam vindkraftproduksjon.

- kostnadar for nettilknytning

Dersom nettet ikkje har kapasitet til å ta imot produksjonen frå eit planlagt vindkraftverk, eller det er lang avstand frå vindkraftverket til eit eigna tilkoplingspunkt, kan kostnaden med nettilknytning vera avgjerande for at eventuell vindkraftutbygging i området ikkje blir lønsam. Det er derfor gjort analysar av nettkapasiteten. Fordi forslaget til nasjonal ramme skal vera ein overordna analyse, er det teke utgangspunkt i kapasiteten i transmisjonsnettet (tidlegare kalla sentralnettet). Dette består hovudsakleg av kraftleidningar med 300 eller 420 kV spenning, og transporterer straum mellom ulike delar av Noreg. Det inkluderer også overføringsleidningar til utlandet.

Statnett har utført ein analyse av korleis vindkraftproduksjon i ulike delar av landet kan påverka transmisjonsnettet (2018). Analysen er avgrensa til å omfatta det eksisterande transmisjonsnettet, samt ny kapasitet som anten er under bygging eller som det gjort endeleg vedtak om investering for.

- konsekvensar for miljø- og samfunnsinteresser

Konsekvensar av vindkraft for miljø- og samfunnsinteresser er avhengig kva interesser som er tilstade på eit gitt areal, og korleis desse kan bli påverka av vindkraftverk. For å kunne avvega ulike omsyn, er det nytta kunnskap om kva interesser som er knytt til konkrete areal og om korleis vindkraftverk påverkar dei ulike interessene.

Kunnskapen om dette er samla i det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd som ein del av NVE sitt forslag til nasjonal ramme. Denne kunnskapen er brukt i arbeidet med å peika ut dei mest eigna områda for vindkraft.

Trinn 1 – redusera og systematisera datamaterialet som skal analyserast

Eksklusjon av areal som openbert ikkje bør peikast ut:

Harde eksklusjonskriterium - *Hard eksklusjon er eksklusjon av areal som er uaktuelle for vindkraftutbygging på grunn av teknisk-økonomiske forhold, eller på grunn av at areala er formelt verna eller tilsvarande.*

- middelvind under 6,0 m/s i 120 meters høgde
- innsjøar med areal over 10 km²
- isbrear
- byar og tettstader
- Avinor sine flyplassar
- nasjonalparker, landskapsvernområde og andre verneområde over 3 km²
- verdsarvområde (UNESCO)

Mjuke eksklusjonskriterium - *Mjuk eksklusjon er eksklusjon av areal der verknadar for éi enkeltinteresse i mange tilfelle tilseier at det ikkje bør byggjast vindkraftverk*

- important Bird Areas (IBA)
- nasjonale villreinområde med randsoner
- statleg sikra friluftsområde
- referanseområde for kystlynghei
- heilskaplege kulturlandskap med nasjonal eller vesentleg regional interesse
- freda kulturmiljø
- buffersone rundt verdsarvområde
- tentative verdsarvområde
- verneområde under 3 km²
- føreslåtte verneområde
- innsjøar under 10 km²
- buffersoner rundt drikkevasskjelder
- areal som ligg under 1 km frå tettstadar
- område med minst tre støyfølsame bygningar per km²
- areal med byggjerestriksjonar rundt Avinor sine flyplassar
- buffersoner på 500 meter frå Avinor sine radarar
- buffersoner på 5 km frå Meteorologisk institutt sine værradarar
- buffersoner på 2 km frå sendemastene i det digitale bakkenettet for TV-signal
- Forsvaret sine skytefelt
- internasjonalt og nasjonalt viktige mineralførekomstar
- areal med kompleks topografi
- skredutsette areal (jord-, flaum- og steinskred)

Dette resulterte i eit kart som viser kva område som er ekskludert ut frå dei nemnde kriteria – eit **eksklusjonskart**.

Deretter vart det kartlagt kor eigna områda er teknisk-økonomisk:

Låg produksjonskostnad betyr at eit område kan vera teknisk-økonomisk eigna for vindkraft.

Produksjonskostnad er brukt som ein indikator på kor eigna eit areal er for lønsam vindkraftutbygging. Produksjonskostnad er ofte omtala som LCOE, og representerer den langsiktige kraftprisen som er nødvendig for å gi lønsemd i eit konkret vindkraftverk. Kostnadar for nettilknytning er ikkje inkludert i dei estimerte produksjonskostnadane. Vurdering knytt til nettkapasitet inngår som ein del av trinn 2 nedanfor.

Produksjonskostnaden for vindkraft i eit område er avhengig av området sitt potensial for vindkraftproduksjon, kostnadane med å byggja og driva eit vindkraftverk og eit gitt avkastningskrav.

Høg middelvind og jamn vindhastigheit gir høgare produksjonspotensiale.

Vindhastigheita er den faktoren som i størst grad påverkar eit areal sitt potensial for vindkraftproduksjon. Område med høg middelvind og jamn fordeling av vind i ulike hastigheiter har det beste produksjonspotensialet. I tillegg bør området ha lite ekstremvind, ising eller turbulens.

I 2009 vart produksjonspotensialet for vindkraft i Norge kartlagt - *Vindkart for Norge* (NVE 2009). Kartet er basert på middelvind og estimert brukstid for vindturbinar.

Vindkraftteknologien er under stadig utvikling og i arbeidet med nasjonal ramme er estimat for brukstid oppdatert, basert på forventa brukstid for dei turbinane som vil vera tilgjengelege rundt år 2020. Det har ikkje vore tilgang på tilstrekkeleg gode landsdekkande data for vinden si hastighetsfordeling til å kunne inkludera dette i estimeringa av produksjonskostnader.

Høg middelvind, lite skogsdekke og enkel topografi gir lågare investeringskostnad.

NVE samlar inn data om dei faktiske investeringskostnadane for bygde vindkraftverk i Noreg. Desse data viser at innkjøp av vindturbinar utgjer om lag 60–70 % av investeringskostnaden for eit vindkraftverk. Analysar av disse talla saman med internasjonale vindturbinprisar, viser at vindturbinkostnader varierer med rotordiameter og navhøgde. Ved berekningen av produksjonskostnad for vindkraft er derfor investeringskostnaden delt i *vindturbinkostnadar* og *andre investeringskostnadar*. Estimat for driftskostnadar er basert på NVE sin rapport "Kostnader i energisektoren"(2015).

Inkludert både intern- og tilkomstvegar blir det i eit vindkraftverk bygd inntil 1 km ny veg per vindturbin. Dette gjer at kostnader til vegbygging er ein vesentleg komponent i *andre investeringskostnader*. I område med kompleks topografi vil det vera dyrare å byggja vegar og oppstillingsplassar for vindturbinane m.m. Det er derfor lagt til grunn at område med høg terrengkompleksitet vil ha høgare investeringskostnadar enn andre område.

Med bakgrunn desse vurderingane er det utarbeidd eit kart over produksjonskostnadar i ulike område i landet – **produksjonskostnadskart (LCOE-kart)**.

Dette vart så kombinert med kartet som syner dei ekskluderte områda – eit **kombinert eksklusjons- og produksjonskostnadskart**. Dette resulterer i at 2/3 av Noreg sitt landareal blir ekskludert.

Resultat av dette arbeidet vart 43 analyseområde

Områda vart laga slik at alle skulle innehalda store ikkje-ekskluderte areal med gode produksjonsforhold (blå, grøne eller gule i LCOE-kartet). Fordi det er låg detaljeringsgrad på informasjonen i karta og alle analysar er gjort på eit overordna nivå, er grensene for analyseområda ikkje detaljert teikna. Dette betyr og at små areal som er ekskludert kan vera

med og at små eigna område er tekne ut.



43 analyseområde

TRINN 2 - Tematisk analyse av dei 43 områda

For kvart av dei 43 analyseområda er det gjennomført grundige tematiske analysar. Desse er gjort av NVE og andre etatar, og omfattar tematiske analysar av nettkapasitet, produksjonspotensial og verknadar for miljø- og samfunnsinteresser.

- Nettkapasitet

NVE har vurdert kvart analyseområde frå eit kraftnettperspektiv. Analysen er gjort med utgangspunkt i vurderingar av kapasiteten i dagens kraftnett samt kapasitetsendringar som følgje av nett- og kraftverksutbyggingar som var vedtekne per mars 2018.

Alle nye vindkraftverk utløyser samfunnsøkonomiske kostnader relatert til utbygging og drift av kraftnettet. Kor store nettkostnadane vil bli, er avhengig m.a. kor lang avstand det er til tilknytingspunktet i nettet, om det er kapasitetsbegrensing i det eksisterande nettet og kor høge overføringstap som oppstår.

På bakgrunn av dette vart analyseområda rangert etter kor eigna dei er ut frå nettsituasjonen – frå best til dårlegast.



Analyseområde 15 og 16 som m.a. omfattar Vindafjord kommune kom ut i den **beste kategorien**.

Nettbegrensing er ikkje brukt som ein streng restriksjon, det vil seia at det ikkje er automatisk utelate område der mykje ny vindkraft vil utløysa nettinvesteringar. Dette gjeld spesielt dersom nettinvesteringane er lite omfattande og/eller medfører andre store nytteverknadar for samfunnet.

- Produksjonskostnader - kvantitative og kvalitative vurderingar

Kvantitativ


I analysen er det lagt stor vekt på informasjonen frå produksjonskostnadskartet (LCOE-kartet). Det er stor variasjon i storleiken på analyseområda, og det er og stor variasjon i estimert produksjonskostnad for ulike areal i dei enkelte analyseområda. For å kunne samanlikna kor eigna dei ulike analyseområda er for vindkraft, vart det berekna kostnader basert på gjennomsnittet av dei 300 kvadratkilometerane med lågast produksjonskostnad for kvart område.

Kvalitativ

Kor eigna områda er for vindkraftproduksjon i eit ressurs- og kostnadsperspektiv avheng av fleire faktorar enn dei som er inkludert produksjonskostnadskartet. Det vart derfor korrigert for m.a. om områda har store, samanhengande område med låg produksjonskostnad (+), geografiske, klimatiske forhold som tilseier jamne vindforhold (+), lite komplekst terreng (+), potensiale for mykje ekstremvind(-) og mykje ising (-).

Dette førte til at nokre område med låg produksjonskostnad endar opp som mindre eigna enn område med høgare produksjonskostnader i kartet.

På bakgrunn av dette vart analyseområda rangert etter produksjonskostnader - frå best til dårlegast.



Analyseområde 15 og 16 som m.a. omfattar Vindafjord kommune ligg i kategoriane **Bra** (15) og **Middels** (16).

Landet sett under eitt viser at det ut frå eit produksjonspotensial og -kostnadsperspektiv er mest gunstig å byggja ut nye vindkraftverk i Finnmark, Midt-Noreg og på Sørvestlandet.

- Naturmangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne/-miljø

Miljødirektoratet og Riksantikvaren gjorde så tematiske analysar av nasjonale og vesentlege regionale miljø- og landskapsinteresser i dei 43 analyseområda. Dette for å identifisera større areal der det er venta at utbygging av nye vindkraftverk vil medføre eit uakseptabelt høgt konfliktnivå. Etatane la vekt på at miljøverdiane skal vera på eit geografisk nivå som er eigna for ramma, og tek dermed ikkje stilling til forhold som krev detaljert lokalkunnskap og/eller komplekse lokale avvegingar. I mange tilfelle har kunnskapsgrunnlaget vore fråverande eller såpass svakt at det ikkje har vore grunnlag for å gjera ei vurdering. Direktoratet har ikkje gjort noen vurdering av nyttesida ved vindkraftutbygging, og dermed heller ikkje teke stilling til dei teknisk økonomiske føresetnadane i dei vurderte områda.

Følgjande interesser vart vurdert: fugl, villrein, flaggermus, anna dyreliv, naturtypar, friluftsliv, samanhengande naturområde, landskap og kulturminne og -miljø. Basert på desse analysane føreslo direktorata supplerande eksklusjonar av areal på ca. 92.000 km². Av dette vart ca. 9.000 km² ikkje teke til følge av NVE.

- Andre interesser

Tilsvarande gjennomgang vart gjort av NVE i samarbeid med andre etatar for følgjande tema: reindrift, Forsvaret, reiseliv, elektronisk kommunikasjon, sivil luftfart, vårradarar, naboeverknadar og andre interesser (landbruk).

Dette resulterte i eit **nytt eksklusjonskart**. Sjå nedanfor.

Analyseskjema for dei to områda (15 og 16) som omfattar Vindafjord ligg vedlagt (vedlegg 3 og 4).

TRINN 3 - Peika ut dei mest eigna områda for vindkraft

Etter å ha ekskludert nye område i trinn 2, er analyseområda rangerte basert på ei samla vurdering av produksjonsforhold og nettkapasitet. Rangeringa ga oversikt over korleis områda er eigna relativt teknisk-økonomisk. For kvart område vart dei teknisk-økonomiske forholda vurdert opp mot informasjon om viktige interesser i dei same areala og kunnskap om verknadar for dei aktuelle miljø- og samfunnsinteressene.

Ut frå desse vurderingane kom NVE fram til om heile eller delar av kvart av dei 43 analyseområda, ut frå eit fagleg skjønn, vart vurdert som eit av dei mest eigna områda. På denne måten fant NVE det dei meinte var eit tydeleg skilje mellom meir og mindre eigna areal. Dette skiljet er i stor grad basert på skjønn, og er avhengig av vekten som er lagt på produksjonsforhold, nettkapasitet og forskjellige miljø- og samfunnsinteresser.

Dei områda NVE enda med å peika ut som mest eigna, har etter deira vurdering relativt sett gode produksjons- og nettforhold. Dette betyr at det skal vera mogeleg å finna areal i områda der det kan byggjast vindkraft med relativt sett låge kostnader og god produksjon. Samtidig er det for dei fleste delane av dei utpeikte områda vurdert at det samla konfliktnivået er lågare enn i store delar av landet. Disse vurderingane inneber ei uunngåeleg vekting av ulike interesser og korleis vindkraft påverkar dei. Vektinga er utført gjennom faglig skjønn. Det har derfor vore viktig at alle forhold ved områda som er vektlagt i arbeidet med utpeikinga, er synleggjort i analyseskjemaa. Dette gjer at vurderingane kan etterprøvast og at høringa kan invitera til synspunkt på NVE si skjønnsmessige vekting, før politisk behandling av forslaget til utpeikte område.

Det er sett ei minstegrense på 200 km² med ikkje-ekskluderte areal for at eit område kunne bli utpekt. For nokre utpeikte område er det vurdert som hensiktsmessig å kombinera areal frå analyseområde som grensar til kvarandre. Det er gjort for dei tom analyseområda som omfattar Vindafjord kommune (område 15 og 16).

Områda si utforming kan skapa eit inntrykk av at det ligg meir detaljerte analysar til grunn for avgrensinga enn det som er reelt. Analysane og vurderingane er gjort på eit overordna nivå, og områdeavgrensinga må derfor forståast som ei grov avgrensing.

NVE peikar og på ein del metodiske utfordringar ved metoden som er brukt til å peika ut områda.

- ingen område der vindkraft kan byggjast ut utan å påverka miljø- og samfunnsinteresser
- kor eigna områda blir vurdert å vera er avhengig av korleis dei ulike interessene blir vektta
- samla belastning er vanskeleg å vurdere når omfang og plassering av ev. vindkraftverk ikkje er kjent

Om eit areal faktisk er eigna for vindkraftutbygging er usikkert og kan berre avdekkast på lokalt nivå. Variasjonen kan vera minst like stor innanfor dei utpeikte områda som mellom dei

utpeikte områda og resten av landet. I konsesjonsbehandlings vil det bli gjort meir konkrete vurderingar.

Det er og knytt usikkerheit til nettkapasitet, produksjon og teknologisk utvikling.

Det er knytt manglar knytt til:

- kunnskap om viktige interesser
- verdivurderingar av dei mange viktige interessene
- kunnskap om dei faktiske verknadane

Del E – dei mest eigna områda for vindkraft


Sunnhordland og Haugalandet er eitt av dei 13 områda som er peikt ut som mest eigna for vindkraftproduksjon på land.


Kart som syner dei ulike harde og mjuke eksklusjonane og produksjonskostnadane i dette området og i resten av landet kan ein sjå i meir detaljert i det interaktive kartet her:

<https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/>




Velg «Kartlag» og slå på og av dei ulike eksklusjonane.






Harde eksklusjonar – i hovudsak vindhastigheit




Mjuke eksklusjonar: mest utslag på tettstadar (buffer 1 km) og bebyggelse (meir enn 3 støyfølsame bygningar per km² (bustadar, hytter sjukeheimar osb.)). Også noko på skredfare, drikkevatn, TV-sendarar og topografi. Mange stadar er det overlapping mellom desse eksklusjonane.

Friluftsliv er berre vist med dei statleg sikra friluftsområda og fugl berre med Important Bird Areas (IBA). Med unntak av Romsa-øyane er dei sikra friluftsområda små. Det er ingen IBA i dette området.



Alle eksklusjonar

SUNNHORDLAND OG HAUGALANDET



Området er nærare omtala på side 169-174 i hovudrapporten, men omtalen ligg og som vedlegget *Sunnhordland Haugalandet* (vedlegg 5).

Området er oppsummert slik av NVE:

HVORFOR ER OMRÅDET FORESLÅTT SOM ET AV DE MEST EGNEDE?

Sunnhordland og Haugalandet har gode produksjonsforhold for vindkraft, og er et av områdene vi har vurdert til å være mest egnet for ny produksjon i et kraftsystemperspektiv.

I det utpekte området er det samtidig mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet fugl, friluftsliv og bebyggelse. På tross av disse interessene framstår det utpekte området fra et nasjonalt perspektiv som et av de mest egnede områdene for ny vindkraftutbygging. I denne vurderingen har vi lagt mye vekt på de gode forutsetningene for nettilknytning.

HVILKEN TYPE VINDKRAFTVERK ER OMRÅDET EGNET FOR?

I dette området er det ikke mange store områder som er aktuelle for vindkraftutbygging. De mulige vindkraftområdene er godt spredt, og det er mest aktuelt med små eller mellomstore vindkraftverk. I vest kan vindkraftverk bygges i lavereliggende områder, og det kan være mulig å bygge nær eksisterende infrastruktur. I den østlige og nordlige delen er det fjellområder som er mest aktuelle.

Området har eit totalareal på 2.023 km². Av dette er 1.227 km² areal som er ekskludert, og som ikkje skal reknast med som ein del av det utpeikte området. Totalt ikkje-ekskluder areal er altså 796 km². Sjå kartet ovanfor som syner alle eksklusjonar. Det har ikkje vore mogeleg på ein enkel måte å ta ut kor mykje av dette arealet som ligg i Vindafjord kommune.

Området er skildra og det er gjort ei vurdering av alternative avgrensingar. Produksjonsforhold, nettkapasitet og viktige miljø- og samfunnsinteresser i området er gjennomgått. Fugl, naturtypar, landskap og kulturminne, friluftsliv og naboar (støy) er interesser som kan vera viktige ved planlegging og behandling av vindkraftprosjekt

Vurdering:

Utbygging av vindkraft er eit tema som for tida er mykje debattert og som vekker stort engasjement. Dei «store spørsmåla» knytt til klimaendringar og fornybar energi er på dagsorden, inkl. vindkrafta si rolle i den samanheng. Utbygging av vindkraft til havs kontra på land blir debattert. Kommunane sine inntekter frå vindkraftverk samanlikna med inntekter frå vasskraftverk (om lag halvparten) har vore trekt fram. Det har vore sett fram krav om at kommunane burde få vetorett i vindkraftsaker, men dette vart stemt ned i Stortinget. Dette og meir til vil vera bakteppe i diskusjonen av den nasjonale ramma for vindkraft på land, men vil ikkje bli omtala vidare her.

Den nasjonale ramma er **ikkje** ein utbyggingsplan for vindkraft på land, men eit fagleg råd frå NVE til OED om kva område i landet som er mest eigna for utbygging av vindkraft på land. Altså dei områda som på eit overordna nivå er vurdert å vera relativt mest eigna for vindkraft, samanlikna med andre område.

Dei områda NVE har peikt ut som mest eigna, har etter deira vurdering relativt sett gode produksjons- og nettforhold. Dette betyr at det skal vera mogeleg å finna areal i området der det kan byggjast vindkraft med relativt sett låge kostnader og god produksjon. Samtidig har NVE, for dei fleste delane av dei utpeikte områda, vurdert at det samla konfliktnivået er lågare enn i store deler av landet.

NVE kom fram til dei utpeikte områda gjennom den tretrinns eksklusjonsprosessen som er gjort greie for ovanfor. Dette er gjort ved hjelp av objektive og meir skjønnsbaserte kriterium.

Det siste gjeld spesielt for dei mjuke kriteria. Kor høgt lista vert lagt for eit kriterium, vil vera avgjerande for kor mykje areal som vert ekskludert pga. dette kriteriet.

Også vektinga av dei ulike interessene vil vera avgjerande for kva område som blir peikt ut. Dei mjuke interessene, som ikkje er prissette, blir vegne opp mot teknisk-økonomiske forhold.

Utvalet av område er altså ikkje nokon fasit for mest eigna områda for vindkraftutbygging i landet. Dette gjer også NVE klart i rapporten, m.a. ved å peika på metodiske utfordringar, usikkerheit om kor eigna eit område faktisk er og manglar knytt til kunnskap om viktige interesser, verdivurderingar av interessene, kunnskap om dei faktiske verknadane og nettkapasitet og produksjon.

I utkastet til ramme er det gjort like vurderingar for heile landet, med dei svakheitene som metoden inneheld. Resultatet for Vindafjord kommune sin del, er at det meste av kommunen inngår i eit område som er utpeikt som mest eigna for utbygging av vindkraft.

Som elles i landet, er det heller ikkje i vår kommune område der vindkraft kan byggjast ut utan å påverka miljø- og samfunnsinteresser. For nokre samfunnsinteresser kan utbygging av vindkraft vera positivt, for miljøinteressene vil det gjennomgåande vera negativt.

Dersom heile eller delar av kommunen blir med i endeleg vedteken ramme, vil dette opna for konsesjonssøknadar i dei områda som ikkje er ekskluderte. **Om konsesjon blir gitt, vil bli avgjort i ein søknadsprosess.** For å kunne ta stilling til kor eigna konkrete areal innanfor dei utpeikte områda faktisk er, må det gjennomførast konsekvensutgreingar som en del av konsesjonsbehandlinga av enkeltsaker. Då må ein og leggja til grunn meir detaljkunnskap om m.a. naboverknadar som støy og skuggekast, lokale leve- og trekkområde for fugl, lokalt viktige friluftslivsområde og verdifulle landskap. Slike prosessar var ein gjennom for søknadane om vindkraftanlegg på Døldarheia og Bukkanibba.

Det er ikkje definert kva som er meint med «små eller mellomstore vindkraftverk». Det er og ikkje klart kva areal i Vindafjord kommune som ligg i vest, der det kan byggjast i lågareliggjande område, nær eksisterande infrastruktur. Og tilsvarande i den austlege delen, der fjellområde er mest aktuelle. Fleire av dei ikkje-ekskluderte områda vest i kommunen er ikkje lågareliggjande, men er fjellområde. Og fleire område i kommunen ligg verken vest eller aust, men midt i det utpeikte området.

I kapitlet C i rapporten har NVE gjort greie for korleis dei vil vektleggja dei ulike interessene i samband med behandling av søknadar om konsesjonar. Dette gir viktige signal for ev. framtidige konsesjonssaker.

Departementet ønskjer innspel til NVE sitt forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsetjast ei nasjonal ramme for vindkraft i Noreg.

Ved å synleggjera dei vektingane som er gjort i analyseskjemaa inviterer NVE til synspunkt på den skjønsmessige vektinga som er gjort, før politisk behandling av forslaget til utpekte område.

I forhold til om det skal fastsetjast ei ramme for vindkraft, er det eit dilemma at det gjennom denne berre blir sett fokus på vindkraft. Vindkraft blir diskutert isolert, og ikkje sett i samanheng med andre energiressursar som vasskraft, solenergi, hydrogen m.m.

Rådmannen skisserer tre alternative uttalar til den nasjonale ramma for vindkraft på land:

1) For området Sunnhordland - Haugalandet viser NVE til mange viktige miljø- og samfunnsinteresser knytt m.a. fugl, friluftsliv og bebyggelse, men har lagt mykje vekt på gode føresetnadar for nettilknytning.

Kommunen stiller seg ikkje bak vektinga av interesser i ramma generelt og for vår kommune spesielt. Miljøinteressene bør vektleggjast tyngst og ekskludera alt areal i kommunen frå utbygging av vindkraftanlegg. Slike anlegg vil representera for store naturinngrep og ulemper for folk og dyreliv. Miljøverdiane er viktige for noverande befolkning og framtidige generasjonar i kommunen.


Konsekvens: Det vil ikkje bli bygd vindkraftverk i kommunen, då søknadar om slike i utgangspunktet skal rettast mot dei utpeikte områda. Unntaket kan ev. vera ikkje-konsesjonspliktige anlegg (mindre enn 1 MW installert effekt og fem eller mindre vindturbinar) som NVE har definert ut av oppdraget frå OED.

Tap av potensielle inntekter og arbeidsplassar vil vera konsekvensar for næringsliv, grunneigarar og kommunen.

2) Kommunen har ingen merknadar til det utpeikte området og dei vektingane som ligg til grunn for ramma og området som omfattar Vindafjord kommune.

Konsekvens: Ev. vindkraftutbygging i Vindafjord kommune i dei ikkje-ekskluderte områda blir avgjort på bakgrunn av konkrete søknadar og detaljert kartlegging og konsekvensutgreiing av alle miljø- og samfunnsinteresser. Kommunen vil då ta standpunkt til ev. utbyggingsplanar.

3) I omtalen av området har NVE peikt på alternative avgrensingar. For Vindafjord kommune gjeld dette eit større område aust i kommunen og eit mindre område i vest. Blå ring på kartet nedanfor.



I aust omfattar dette m.a. området Fjellstøl/Opheim – Olalia. Dette er eit regionalt viktig friluftsområde med interkommunale investeringar i anlegg og turisthytte og turveg i regi av turistforeininga. Området ligg og i tilknytning til Etnefjellet som er ekskludert av Miljødirektoratet/NVE ved gjennomgang av analyseområde 15. Verdier i området er nemnt i Miljødirektoratet sin gjennomgang av analyseområdet under friluftsliv, landskap, fugl og flaggermus. I Naturbase er eit område Olalihytta – Ongelsvatnet – Keisarholla kartlagt som «Inngrepsfritt naturområde». I Fylkesdelplanen for Vindkraft i Rogaland var delar av området vurdert å ha «meget stort konfliktpotensiale» og «stort konfliktpotensiale».

Området aust for Sandeidfjorden mot kommunegrensa mot Sauda og Suldal kommunar ligg også innanfor den blå ringen. Området er omtalt i analysen av område 15 under tema naturtypar, landskap, friluftsliv og samanhengande naturområde. I Naturbase er eit større område her kartlagt som «Inngrepsfritt naturområde». I Fylkesdelplanen for vindkraft i

Rogaland var delar av området vurdert å ha «meget stort konfliktpotensiale».

For begge områda vert det vist til «Ut i Rogaland – fylkesdelplan for friluftsliv og naturforvaltning 2017-2024». Denne viser friluftsområde, samanhengande naturområde og område med verdifulle landskap innanfor dei nemnde areala.

Konklusjon: Grensene for område Sunnhordland og Haugalandet må endrast i samsvar med det som er sagt ovanfor.

Eventuell vindkraftutbygging i Vindafjord kommune må avgjerast på bakgrunn av konkrete søknadar og detaljert kartlegging og konsekvensutgreiing av alle miljø- og samfunnsinteresser. Kommunen vil då ta standpunkt til eventuelle utbyggingsplanar.

Oppsummering/konklusjon

I val mellom alternativ 2 og 3 er det etter rådmannen sitt syn tungtvegande faglege grunnar for å velja alt. 3.

Denne saka skal ein i utgangspunktet ikkje ta standpunkt til for eller i mot vindkraftutbygging, men ha ev. synspunkt på om ein skal ha ei slik ramme og vektinga av interessene som har ført fram til dei utpeikte områda. Ved val av alt. 1 er det lagt til grunn ei så tung vektning av miljøinteressene at alt areal i kommunen vert ekskludert, dvs. i realiteten eit nei til vindmøller. Denne vektinga er basert på skjønn og ikkje fakta verken for positive og negative konsekvensar. Førre-var-prinsippet er lagt til grunn. Rådmannen finn ikkje å tilrå kommunestyret å vedta dette alternativet.

Tilsvarende er dei ikkje-ekskluderte områda i alt. 3 i utpeika gjennom NVE sitt skjønn. Om det vil koma søknadar om vindkraftanlegg i desse områda veit ein ikkje, og faktiske positive og negative konsekvensar blir ikkje kjende før ev. fullt utgreidde søknadar ligg på bordet. Då vil kommunen ha eit grunnlag for vektleggja dei ulike interessene og ta eit standpunkt, men endeleg vedtak blir fatta av NVE, ev. OED om vedtak blir klaga på.

Etter ei samla vurdering i saka innstiller rådmannen på alternativ 3.

Vindafjord kommune ber om at områda mellom Ølen/Sandeid og kommunegrensa mot Sauda og Suldal kommunar blir teke ut av området Sunnhordland og Haugalandet. Ref. kart i rapporten s. 170 med NVE si alternative avgrensing. I desse områda må friluftslivsinteressene og verdier knytt til større samanhengande naturområde vektleggjast tyngre.

I områda elles vil eventuell konsesjonssøknadar bli vurdert gjennom søknadsprosess med detaljerte vurderingar av utbyggingsinteresser, andre samfunnsinteresser og miljøinteresser. Dette vil avklara korleis kommunen vil vurdere og vekta aktuelle interesser og stilla seg til søknadane. Kommunen vil då ta standpunkt til eventuelle utbyggingsplanar.

Om det vert gitt konsesjonar til vindkraftanlegg, må kommunen og lokale interessentar bli involvert ved planlegging og utbygging. Dette er krav som NVE nyleg har innskjerpa for konsesjonærar til vindkraftanlegg.

Vindkraft må sjåast i samanheng med andre energiressursar som vasskraft, solenergi, hydrogen m.m. i ei overordna vurdering av energibehov/-ressursar og konsekvensar for samfunns- og miljøinteresser.

Vedlegg:

Vedl. 1 Høyringsbrev 01.04.19
Vedl. 2 Oppsummering verknadar
Vedl. 3 Analyseområde 15
Vedl. 4 Analyseområde 16
Vedl. 5 Sunnhordland Haugalandet